

LOVER FOR DEN NORSKE VETERINÆRFORENING SITT FORHANDLINGSUTVAL FOR NÆRINGSDRIVANDE VETERINÆRAR

§ 1. Namn

Den norske veterinærforening sitt forhandlingsutval for næringsdrivande veterinærar. Namnet blir forkorta DNV-N.

§ 2. Medlemmer

Medlem av DNV-N er medlem av DNV som driv næringsverksemd.

§ 3. Formål

DNV-N skal arbeide for gode yrkesvilkår og god utcome ved veterinær næringsverksemd.

§ 4. Generalforsamling

Generalforsamlinga er DNV-N sitt øvste organ. DNV-N har ordinær generalforsamling anna kvart år. Generalforsamlinga er vedtaksfør når ho er innkallt slik det er fastsett i denne paragrafen. Medlem av DNV-N har møte-, tale- og røysterett.

Generalforsamlinga skal

- Godkjenne innkalling og sakliste.
- Velje møteleiar. Møteleiar skal ikkje vere medlem av styret.
- Handsame melding frå styret om økonomi og aktivitet for dei to siste åra,
- Fastsette aktivitetsplan for dei to neste åra
- Handsame innkomne saker og saker som styret legg fram.
- Velje styre, styreleiar, styremedlemer og varamedlemmer.
- Velje valnemnd.

Innkalling

Medlemene skal varslast om generalforsamling med tid, stad og sakliste seinast to månader før møtet. Saker som medlemmer vil legge fram og framlegg til val på styre og valnemnd skal være kome inn til styret ein måned før møtet.

Endeleg innkalling med sakliste, framlegg frå valnemnd og andre framlegg på kandidatar til val og opplysing om førehandsrøsting, skal gjerast kjent for medlemene seinast 14 dagar før generalforsamlinga. DNV sine nettsider og/eller Norsk veterinærtidsskrift kan nyttast til varsel og endeleg innkalling.

Gjennomføring av generalforsamling

Vedtak på generalforsamlinga vert gjort med vanleg fleirtal mellom dei som møter. Ved likt røystetal avgjer røysta til møteleiar. Vedtak om vedtektsendring eller oppløysing av utvalet vert avgjort med 2/3 fleirtal.

Ved val er det høve til førehandsrøsting. Dersom medlem som har avgjeve førehandsrøyst vel å møta på generalforsamlinga, blir førehandsrøysta forkasta. Det er ikkje høve til å røyste med fullmakt frå andre medlemmer. Val skal vera skriftlege om det er førehandsrøyster, eller om nokon krev det. Dersom fleire kandidatar ved val får likt røystetal, blir valet avgjort med loddtrekking.

Ekstraordinær generalforsamling

Styret skal kalle inn til ekstraordinær generalforsamling når 1/3 av medlemmene krev det, eller når styret, i samråd med DNVs sentralstyre, krev det. Krav skal være skriftleg. Ekstraordinær generalforsamling skal kallast inn minst 14 dagar før møtet. Innkallinga skal innehalda tid og stad for møtet og sakliste.

§ 5. Styre

Styret i DNV-N har styreleiar, fire styremedlemmer og tre varamedlemer, alle valde for to år av generalforsamlinga. Styret vel sjølv nestleiar.

Styrets sammensetning:

- Tre av medlemene i styret og to varamedlemer bør være sjølvstendig næringsdrivande.
- To av medlemene i styret og eit varamedlem bør vera eigar av veterinær verksemd der veterinær er tilsett. (t.d. klinikkar eller fiskehelsetenester).

Dersom et fast medlem meld forfall til styremøte bør det innkallast varamedlem som representerer same sektor som den som er forhindra.

Styret er vedtaksført når styret og varamedlemer har fått innkalling og leiar eller nestleiar og minst to styremedlemer eller varamedlemer møter. Styret held møte når styreleiar fastset det, eller når to styremedlemer krev det. Det skal haldast minst to styremøte i året.

Styret ivaretek medlemmenes interesser som gjeld veterinær næringsverksemd og driv aktiv nærings- og marknadspolitikk. Styret har ansvar for gjennomføring og oppfølging av forhandlingar og inngår avtaler innafor fullmakter frå sentralstyret i DNV, generalforsamlinga i DNV-N eller avtaler og organ som DNV er tilslutta.

Styret skal

- Informere sentralstyret om verksemda og vere rådgjevande organ i saker som gjeld veterinær næringsverksemd.
- Nemne opp forhandlarar til sentrale forhandlingar.
- Ha ansvar for oppnemning og oppfølging av lokale tillitsvalde.
- Medverke til at medlemmer i arbeidsgevarspørsmål får den hjelp dei treng frå DNV eller andre som det er naturleg å vende seg til.
- Arbeide for å hindre konflikter mellom veterinærar.
- Gjennomføre generalforsamling, utarbeide årsmelding og framlegg til aktivitetsplan og budsjett. Førebu innkomne og eigne saker og ordne med førehandsrøysting ved val.

Det skal skrivast referat frå styrets møte.

Spesielle saker kan leggjast fram for medlemmene til uravrøysting for endeleg avgjerd.

Styreleiar eller den styret peikar ut møter som observatør i DNV sitt sentralstyre.

DNV-N sender opp til 5 utsendingar til DNV sitt representantskap. Styret, eller dei styret peikar ut, møter for DNV-N i representantskapet.

§6. Valnemnd

DNV-N skal ha ei valnemnd med leiar, tre medlemer og to varamedlemer. Av medlemene bør to vera sjølvstendig næringsdrivande og ein eigar av veterinær verksemd. Det bør veljast ein varamedlem frå kvar gruppe. Valnemnda skal gjera framlegg på kandidatar til val av styreleiar, styremedlemer og varamedlemer til styret og leiar, to medlemer og varamedlemer til valnemnda. Framlegg frå valnemnda må vera komne til styret seinast 1 måned før generalforsamlinga skal haldast.

§7. Administrasjon

Sekretariatet i DNV er sekretariat for DNV-N. DNV-N sine utgifter, t.d. møteutgifter, reisekostnader, porto m. m. vert godtgjort av DNV.

§ 8. Vedtektsendring - oppløysing

Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal mellom dei frammøtte på generalforsamlinga. Oppløysing av DNV-N kan gjerast av generalforsamlinga med 2/3 fleirtal. Framlegg om vedtektsendring eller oppløysing må gjerast kjent i innkalling minst 1 måned før møtet. Vedtekter, vedtektsendringar og vedtak om oppløysing av DNV-N skal godkjennast av representantskapet i DNV.